



Karina Hagesæter Dale
Salhusvegen 178
5107 SALHUS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3571 - 16/13202

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.05.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 184/2 Halsteindal.

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.04.2016.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Vi oppfattar dei viste terrenglinjene på teikningane som nytt terreng. Både eksisterande og nye terrenglinjer samt kotehøgde for plassering av bygget må gå fram av teikningane.
- Teikningane viser at det skal monterast port i andre høgda. Det må gjerast greie for korleis tilkomst til denne skal skje.
- Tiltaket ligg innanfor sikringssone for nedslagsfelt drikkevatt. Det må gjerast greie for korleis gjødsel skal handterast før kommunen kan ta stilling til søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15. juni 2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hansen & Eknes AS

Saltverket

5283

FOTLANDSVÅG

Mottakarar:

Karina Hagesæter Dale

Salhusvegen 178

5107

SALHUS